




## FYLKESMEISTERSKAPEN FOR UNGDOMSBEDRIFTER 2020 – VESTLAND NORD

### GRUNNGJEVING FOR PRISEN BESTE MARKNADSFØRINGSTILTAK

Jury: Arne Inge Solgard, Framtidsfylket. Tone Løtuft, Rein Design.

Juryen si grunngjeving:

#### 1. plass:

Årets vinnar i kategorien Beste marknadsføring har tenkt grundig gjennom korleis dei kommuniserer med målgruppa og publikum. Gjengen i CloseFetch UB får eit stort pluss for å tenkje at sosiale medier ikkje automatisk betyr suksess, men prioriterer å skape blest gjennom bekjente, lokalavis og nærmiljøet. Kudos for Pop-up shop, då det er ein klassisk genistrek i marknadsføring. Då dei skulle opne på nytt på innvandrarsenteret i Florø, fikk dei oversett teksten til arabisk på flyers. Dette viser saman med ei god marknadsundersøking at bedrifta alltid har tenkt på målgruppe i marknadsføringa deira.

Vi gratulerer CloseFetch UB med 1. plass i kategorien Beste marknadsføring!

#### 2. plass:

Årets andre plass har fått med seg eit viktig poeng som innad i digital marknadsføring ingen av dei andre har tenkt på. I tillegg til ei konkret liste med nøyte gjennomtenkte tiltak innan marknadsføring har dei og nytta seg av resultata dei har oppnådd slik at dei stadig kan forbetre eigne tiltak. Å jobbe resultatbasert og analytisk er i dagens marknadsførar verd vel så viktig som kreative tiltak. Vi gratulerer Hector Foundation UB med 2.plass i kategorien beste marknadsføringstiltak.

